

Bruvoll 26.03.15

Til

Lindås kommune
Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ
v/Eli Bjørklid

Frå

Atle Bruvoll Andersen
Hundvinsvegen 24
5956 Hundvin

Kommentarar til høyrings sak Gnr55 bnr.27

Kommentarar frå oss på høyrings sak angående deling av grunneigedom Gbnr 55/27.

Tilkomst:

De skriv i brevet dykkar av 2.3.2015 til Fylkesmannen at «avkjørsla slik den ligg i dag er trafikk farlig».

Det vil me på ingen måte motseia.

Me har hatt synfaring med Rune Kilen frå teknisk avdeling Lindås kommune. Me har etter dialog med han kome fram til at utkøyringa frå 55/27, med enkle grep, kan endrast på vår eigen grunn slik at den oppfyller krav for både sikt og oppstilling av køyretøy før ein kjem inn på kommunal veg. Rune Kilen skulle ta kontakt med Eli Bjørklid etter denne synfaringa og underretta ho i tiltaka som vart avtala på synfaring. Han kunne også vera behjelpeleg med å laga ei skisse som viser korleis ei ny og betre utkøyring vil verta.

Når det gjeld tilkomst over eksisterande eigedom inn til hus nr 2 (tidlegare Gbnr55/14) vil 55/27 gje alle nødvendige fullmakter for at ein skal kunna nytta same innkjørsel til bustadane.

Vassforsyning og avløp:

Eigedomen 55/27 er, slik som referert tidligare frå Vidar Mjøs og Reknes Byggjevare, forsynt pr i dag med ei vasskjelde til kvar av bustadane. Me vil søka om å få husa tilknytt kommunal vassforsyning. Denne prosessen er det Nils Træland, Lindås VVS som hjelper oss med.

All nødvendig dokumentasjon rundt dette vil komma via Lindås VVS, og fullmakter frå 55/27 vil verta gitt der dette er behov.

Vurdering av dispensasjon:

De skriv i brevet til Fylkeskommunen at eigedomen er på 1524 m². Me søkjer altså om ei tilbake føring av den arealfordeling som har vort fram til 1994, då Gbnr 55/14 blei ført i saman med 55/27. Då vort eigedomane ca 762 m² kvar. Det er altså to eksisterande einebustader på eigedomen pr i dag, slik det har vore frå 1972. (Dokumentasjon frå Tinglysingen er vedlagt) Ein einebustad kan ikkje bere strykast frå matrikkelen for det om eigedomen inngår til saman med ein anna eigedom slik som gjort i 1994.

Bustaden (55/14) er her, og den har vort utleigd som bustad heilt fram til 2006 ifølgje tidlegare eigarar.

BKK kan bekrefte at bustaden har hatt eige abonnement på straum fram til 2010.

(Dokumentasjon vedlagt)

Denne bustaden skal nyttas som bustad for mine foreldre, Tommy og Inger Anne Andersen.

Det er ønskeleg at dei kan stå som heimelshavarar for sin eigen bustad.

Det er også ønskeleg at denne bustaden i staden for å renoveras, med den planløyisinga huset har i dag, kunne vort erstatta med ein ny einebustad der planløyisinga er meir tilrettelagd for mor og far no når dei nærma seg pensjonist tilvære.

Me set stor pris på at Lindås kommune engasjera seg i vern av landbruks areal. Me er sjølv eigarar og driv sauebruk på gbnr 55/1 og 55/4. Me paktar å driv i tillegg jorda på gbnr 55/2, 55/5, 91/2, 91/3, 94/3.

På alle desse bruka som me driftar ligg det private eigedomar inntil dyrka mark. Me har aldri hatt konflikhtar av den grunn. Me vil påstå det er eit positivt element for oss som driv landbruk at det også bur folk rundt dei plassane me steller jorda og beitar med dyr.

På eigedomen 55/27 som vi no snakkar om er det gjerde langs heile eigedomen mot dyrka mark. Det er gardbrukar Kjell Ølnes og Aud May Hundvin som paktar og driv denne jorda. Dei brukar arealet som beite til dyra sine. Eg har sjølv sagt snakka med dei for å høyre om dei delte kommunen si bekymring rundt konflikhtar mellom privat grunn og landbruks arealet. Dei vil sende ein uttale til kommunen der dei avkreftar at dette nokon sinne har vort, eller at dei trur det vil verte noko negativ innverknad på deira drift av arealet.

Bjørklid frå Lindås kommune har heilt rett når ho skriv at tomten ligg mellom kommunal veg og dyrka mark, slik som dei fleste andre eigedomar i Hundvinsbygda gjer. Tomten er rektangulær. Det er få plassar på 5956 Hundvin at me har planområder som er særskilt avsett til bustad bygging, såleis ligg dei fleste bustadeigedomar i bygda tett inntil LNF områder og mange av dei også direkte inntil dyrkamark. Eg håpar også kommunen ser nytten av det å ha busetjing i bygdene sine, også utanfor dei nye bustadfelta. Her snakkar me altså om å kunne nytte dei husa

på 55/27 som har vert bebudd i fleire tiår, ikkje om å bygge nye einingar i tillegg til eksisterande.

Kommunen ser det som eit potensielt problem at dei som bur på bustad eigedomen har for lite hage areal på sin eigen grunn, og kan kome til å ta seg til rette på landbruksarealet. Eignedomen er avgrensa med gjerde sia det er beite areal på motsett sida. Eg vil avkrefte med ein gong at me på ingen måte har tenkt å ha hageselskap eller anleggja grillhus utafor vår eigen eigedom. Eg har vanskelig for å dela Bjørklid si bekymring rundt dette emnet.

Tilgjenge:

Tilkomst til huset innerst på tomta vil vera forbi hus nr 1. Slik er det også for mange tomannsbustader og einebustader i rekke, utan at dette har stoppa utbyggjarane. Me er einige med kommunen si uttale at dette ikkje er ideell tilkomst til hus nr 2, men det er slik tomten er disponert per i dag og lite me kan gjera for og i møtekomma noko betre løysingar. Bjørklid tek også oppatt bekymringane rundt utkøyring frå eigedomen inn på kommunal veg, men dette er løyst ved hjelp av forslag og synfaring frå Lindås Kommune teknisk avd. Rune Kilen. Som tidlegare forklart er det på ingen som helst måte snakk om auka trafikk frå eigedomen. Begge husa har vert bebudd fram til 2006 og vil verta brukt vidare etter oppussing. Me vil løysa utkøyrings problematikken ved å utbetre tilkomsten til kommunal veg slik som avtalt etter synfaringa med kommunen.

Miljø og helse:

At busetnad langs Trælandsvegen skulle vera til sjenanse for friluftsfolket som fiskar og padlar i Hundvinsvatnet er et argument eg ikkje heilt veit korleis eg skal besvara. Noko av det fine med området langs padleløypa i Hundvinsvatnet, er jo at det er blanding av både urørt natur og fine opne kulturlandskap som er drifta av dei som bur langs vatnet. (Kommunen refererer til Onesvatnet, men det er Hundvinsvatnet som ligg langs gardane på Bruvoll.)

Vurdering av deling:

Tomtane vil etter deling verta 762 m² og er ueigna pga. form og størrelse ifølge Bjørklid. Det er lite heimelshavarar på 55/27 kan gjere med størrelsen og fasongen av eigedomen. Me ønskjer likevel og meiner me vil kunne leve godt med denne størrelsen etter deling, slik at hus nr 2 kan få heimel på eigen grunn lik det var fram til 1994. Ordbruken i grunngjevinga frå Bjørklid kan oppfattast som negativ når ho definerer eine sida av eigedomen som «vegfylling.» Sist eg undersøkte var slike tørrmurar som me har langs eigedomen inn mot Trælandsvegen, noko av det finaste og mest påkosta ein kunne gjera på eigedomen sin.

Det ligg ein brønn på tomten som ikkje er felles for nokon av bygningane slik kommunen påstår. Denne brønnen er til hus nr 2. Hus nr 2 vil sjølv sagt også verta knytt opp mot kommunal vassforsyning når det er tilgjengelig inn på eigedomen. Prosessen er pågåande via Lindås VVS.

Driftsbygningen som ligg på nabo eigedomen er ikkje i drift og vil på ingen måte kunna nyttas til dyrehold etter dagens reglement. Eigjar av bruket paktar vekk jorda og bebur ikkje eigedomen anna en som fritidsbustad. Driftsbygningen er ikkje noko meir eller mindre i veggen for eigedom 55/27 om den vert tatt i bruk. Grensa rundt driftsbygningen er satt slik at dei har tilkomst på alle sider, inngangen på kjørebrua til låven er på ingen måte i konflikt med bebyggelsen eller bruken på 55/27.

Det må vera positivt for landbruket og kommunen at me kan nytta dei husa som allereie eksistera, for å halde liv i bygda og stelle landskapet slik både friluftsfolket, bygdefolket og byfolket som har hytter ønskjer å sjå det.

Plassering inntil dyrka mark kan ikkje sjåast på som ein negativ ting, heller tvert imot. Me som driv jord i landbruket har stor glede og nytte av at det bur folk på gardane der jorda vert driven. Kommunen seier hus nr 2 ikkje står oppført i matrikkelen. Her må det ha skjedd ein feil ved samanslåing av dei to bruksnummera. Dette har vert einebustad med eige bruksnummer i fleire tiår og fortsatt vore brukt som einebustad heilt fram til 2006. Huset har stått ubrukt frå 2006 fram til i dag. Straumen vart stengt av tidlegare eigar i 2010. Eg vil be kommunen om hjelp til å retta opp i denne feilen i matrikkelen.

Tilkomsten på eigedomen kan utbetras til å oppfylle dei krav som teknisk avd. ligg til grunn for ei påkjøring til kommunal veg. Dette er avklart etter befarung med Rune Kilen, Lindås Kommune.

Vassforsyning og avløp vil verta handsama gjennom Lindås VVS, og tilknytt kommunal forsyning.

Utforminga av eigedomen kan ikkje heimelshavar gjera mykje med, men me delar på ingen måte bekymringane frå Bjørklid med at hage arealet vert for lite og at me skulle komma til å ta oss til rette inn på dyrka mark. Her er det gjerde på 110cm langs heile grensa.

Me håpar det kan finnast opning i regelverket for at denne eigedomen kan fortsetta og eksistera på lik måte som tidlegare, utan at det skal vera til bry for dei som nyter friluftslivet langs Hundvinsvatnet.

Som grunneigarar og gardbrukara langs vatnet legg me stor stoltheit i å halde kulturlandskapet og tuna våre i hevd.

Me håpar både administrasjonen og politikarane i Lindås ser nytte og glede i at det kjem lys att i dei frå flytta gamle gardstuna i kommunen.

Med vennleg helsing
Atle Bruvoll Andersen.